

**Ungdomsskuleelevar med arbeidsdag.**

11.10.2006

**Dersom du er blant dei som har småjobbar som vert utsett og ugjort, har du no sjansen til å få gjort noko med det. Tysdag førstkommande, 17. oktober, står ein flokk arbeidsvillige ungdommar klar til å hjelpa til med dette. Då skal nemleg ungdomsskuleelevane ved Rosendal ungdomsskule ha arbeidsdag, og tett på 40 av desse kjem frå Uskedalen.**

Rektor Stein Elling Schille fortel i eit informasjonsskriv at inntektene skal gå til ein del velferds- og trivselstiltak som skulen etter planen skal gjennomføra. Han nemner m.a. ekskursionar, fjellturar, elevkveldar og forbetring av skulen sitt utemiljø. Dessutan skal noko gå til hjelp til SOS-barnebyar gjennom adopsjonsavtale. Skulen har valt å skaffa midlar m.a. på denne måten, for budsjettpostane til slike tiltak er minimale, og foreldrebetaling er som kjent ikkje lov.

Vidare skriv Schille at dette tiltaket er ein lekk i arbeidet for å gjera skulen synleg i lokalmiljøet. Dei vil gje ei hjelpande hand til dei som har trong for ymse småarbeid. Arbeidstida skal tilsvara ein skuledag, og er frå kl.09.00 til kl. 14.30, men dette kan sjølvsgt tilpassast. Hundre kroner vert antyda som ei passande godtgjersle for jobben.

Vi veit at det framleis er ein del ungdommar som er ledige på marknaden. Dei som ønskjer hjelp, kan derfor ta kontakt med Rosendal ungdomsskule, 53 46 13 23, så vil dei formidla kontakt med elevane. Sjølvsgt er det og mogeleg å ta kontakt med elevar direkte.

Av Thor Inge Døssland